

M/F Austevoll

- Av Sveinung Giske -



Rederi	Norled
Kallesignal:	LIGT
IMO nr.:	7812529
Registreringshamn	Bergen
Byggeår	1979
Byggeverft	Båtservice verft, Mandal, b. nr. 657
Hoveddimensjoner:	
Lengde over alt. (LOA)	64,33 m
Bredde på fenderlist	11,25 m
Kapasitet biler	35
Fart	12 knop
Hovedmotor	Wichmann 4syl. 2T EV DM 1300 BHK
2 stk Hjelpemotorer	Scania DS9
Tonnasje	769BRT, 253NRT
Sett i drift i rute 21	01.01.2015

Skift 1.



Per-Johnny Brekke – Kaptein

Per-Johnny er født i 1954, og han kjem frå Syvde i Vanylven. Han starta allereie som 15 åring på fiskeri, då i Longvatrål frå Ålesund. So fulgte år i utanriksfart blant anna innan cruise (NCL) og i Green Reefers på kjøleskip. Seinare vart det offshore i reiarlag som Siem og Island Offshore. Livet som kaptein på ferje har skjedd i fleire omganger. 2001-2005 i Fjord1, Tide 2010-2012. Per Johnny kom attende til fergedrifta, og då til Nordøyane, i 2017, og her har han vore sidan. Etter at rute 21 er historie, går vegen til søre luten, og sambandet Årvik-Koparnes, også då i Norled si tjeneste.



Olav Otterlei – Overstyrmann

Olav var fødd på Fjørtofta i 1958, og der budde han fyrste delen av livet. Folketalet gjekk ned, og då skulen på Fjørtofta vart lagt ned, såg han at borna ikkje hadde dei rammebetingelsane han og kona ville dei skulle ha, og dei flytta difor til Brattvågen. Olav har framleis huset sitt på Fjørtofta, og tilbringer mykje tid der. Sjølivet starta som 17 åring i 1975, og då på reketråling på Jan Mayen, Svalbard og Grønland. Dette held han på med til 1992. Då kjøpte han blant anna saman med 2 av brødrene sine M/S Brumark, og den hadde dei eitt år, før dei kjøpte ny (brukt) båt frå Island. Denne fekk namnet «Brodde». Det vart ein «Brodde» til. Denne vart kjøpt frå Skottland. Siste båten han var medeigar i var ein dei hadde saman med Remøy Maritime Rederi ved Einar Jan Remøy. Den vart døyppt «Brodde 1». I 2007 var det slutt på livet som fisker, og livet som Overstyrmann på ferge starta. Olav var om bord i M/S Os i rute 21 i tidsrommet 2008-2014. Han var også ein kort periode i rute 22, før han kom attende til «Austevoll» 01.01.2015. Der vil han verta til diftsperioden er over, og frå 03.01.2022, vert han å finna om bord i M/F Dryna i rute 22, no for Fjord1.



Bjørn Mikalsen – Maskinsjef

Bjørn er frå ei bygd i nærleiken av Mosjøen, men han har budd på Gamlem dei siste 40 åra. Bjørn visste faktisk at det var sjømann og maskinist han ville verta, då han tok maskinaspirantlinja som endå opp med 2. maskinistsertifikat, før han hadde testa om han hadde sjøverk. Han bestod prøva, og endeleg eksamen bestod han om bord «Polarbjørn» tilhøyrande Rieber i Bergen. På ein tur frå Tasmania til Sydpolen segla dei i 10 dagar i full storm, og etter det var alle spor av sjøverk kurert. Bjørn har segla på supertankarar TT Hilda Knutsen, då han var i Knutsen rederi frå Haugesund. Ein koloss på 378m lengde og 69 m bredde, og med motorkraft på 45000 HK. For å stoppe denne kolossen, måtte dei bakke i 20 minuttar. Ei anna side av utseilerlivet fekk han kjenne på då han jobba på stykkgodsbåt tilhøyrande Audun Reksten i Bergen. Bjørn har jobba for Statoil i 10 år på kysttankarar, og i 19 år for Farstad shipping inntil Solstad tok over. Då vart Bjørn offisielt pensjonist, men han har jobba på ferger sidan. Etter at «Austevoll» avslutter oppdraget sitt i rute 21, går den til Bjørnøya, der den vil ligge i stand-by teneste til slutten av januar. Bjørn vil ha jobben som tilsynsmann i denne perioden. Kva som skjer med Bjørn etter det, er det berre Bjørn som veit.

.



Steinar Lausund – Matros

Steinar vart fødd på Lepsøya i 1956, og der bor han den dag i dag. Som øybuar er ofte sjøvegen kort, og slik vart det for Steinar og. I 1975 gjekk han om bord i Borgundfjord, og starta dermed eit fiskeriliv, som skulle vara fram til hausten 2012. Etter Borgundfjord vart det Havstål, før han enda opp i Strand Rederi, og båten Havstrand. Steinar var med både Havstrand nr. 1 og nr. 2. Han var då Baader reperatør. Då Havstrand nr. 3 kom i 2012, hadde den ikkje fabrikk, og Steinar ynskte då å prøva andre ting. Då vart det Norled og fergedrift i rute 21. Han var dei to fyrste åra på Os, med då B-ferga Austevoll, vart sett i rute 01.01.2015, fekk han jobb der. Etter at vegen er åpna, og fergene forsvinn, går Steinar frå å vera lønsmottaker, til å verta pensjonist.

Skift 2



Svein Fløtre – Kaptein

Svein er fødd i Dalsfjorden i 1956, men flytta til Rovde i 1984, og der bur han framleis. Etter eit kort arbeidsforhold ved eit lokalt gartneri, tok Svein sjøvegen fatt. I 1973 fekk han jobb i MRF som matros på ei avløsningsferge, som vart sett inn på mange av sambanda i MRF sitt konsesjonsområde. Her var han til 1976, då han segle eit år på kysten med MRF sin stykkgodsbår M/S Sunnmøre. I 1977 var det tid for å avtjene verneplikta. Etter avtjent verneplikt gjekk Svein skulevegen, og i 1978-79, gjekk han på Overstyrmannsskulen. Etter endt skuleår, lokka storhavet, og jobb i Wilh. Wilhelmsen. Her vart det stykkgods, og ruta gjekk Østen – USA. Deretter vart det sandfrakting, fyrst om bord i Hånes sin M/S Banjo, og deretter jobb i noverande Rovde Shipping. Dette arbeidsforholdet varte i perioden 1980-84, kun med eitt avbrudd i 1981-82, då han jobba om bord i M/F Haram i ruta på Nordøyane. I 1985 -86 var han om bord M/S Austborg av Haramsøy. Deretter vart det tankfart både på kyst, stor kystfart og utanriks, for dåverande Norol. Her var han til 2005, som både Overstyrmann, og som skipper frå 1997. Skipperskulen tok han i skuleåret 1993-94. I 2005 tok Svein seg jobb på cementfrakt hos reiarlaget Torvald Klaveness med Norge og Danmark som seglingsområder. I 2006-09, vart det jobb på land, i reiarlaget Rovde Shipping. Det vart 1,5 år som maritim inspektør, og 1,5 år som QA-sjef. Då Rovde Shipping vart oppkjøpt av Siem i 2009, og administrasjonen flytta, gjekk Svein fyrst inn i eit lite vikariat i Norled, før kysten lokka att, og han fekk seg jobb hos Bergen Tankers. Eit arbeidsforhold som varte til årsskiftet 2012/13, då han fekk eit vikariat i Fjord 1 på sambandet Stranda-Liabygda. I 2014 vart det ein kort tur hos Brøvik Tank som skipper i utanriksfart. Båten vart imidlertid seld, og deretter vart Norled



Svein Fløtre – Kaptein (forts)

permanent arbeidsgjevar i 2014, og fram til d.d. I rute 21 starta han 01.01.2015, då Austevoll vart sett inn som B-ferje i sambandet. Når no Austevoll avslutter sitt virke her i rute 21, går vegen til M/F Ullensvang.

Bjørn Inge Lervåg – Overstyrmann

Bjørn Inge. oppvaksten på Sunde, men har emigrert til Breivika. Det heile startet på Volstadsberga med linjen skipsteknisk drift. Sin fyrste kontakt med storhavet hadde han ombord i KNM Horten under førstegangstjenesten. Dei seilte heile kysten av Norge, heilt opp til Ny-Ålesund og Longyear byen, forså å bli døypt i Kong Neptuns rike på 80 grader nord. Turen vidare gjekk som motormann-lærling hos Ervik Marine ombord tråleren Juvel i 2003. Etter Juvel gjekk vegen attende til meir utdanning med 1 år på Teknisk maskin. Deretter fortsette det på landjorda, der han arbeidde ein periode fyrst hos Fiskerstrand Verft, men hadde nokre snarturer på både Danskebåten og brønnbåt før han havnet hos Sperre Mekaniske på Ellingsøya. Kva som skjedde eller ikkje skjedde, er ikkje godt å seia, men i 2011 snudde Bjørn Inge smurningsolje og stempelsjau ryggen, gjekk opp lederen til brua, og starta på ein 3 årig Bachelor Nautikk utdanning ved NTNU i Ålesund. Med vitnemålet i hånd , utførte han kadett tida sin i Norled ombord MF Tidefjord, på sambandet Hareid-Sulesund for såleis å kunne løysa inn sertifikata sine. Med sertifikata i lomma har han prøvt seg på andre typer båter og område, som på lakseavlusning og sandfrakt. Men hjertet låg i fergedrift , og han hamna denne gongen i Lustrabaatane i Sognefjorden. I mars 2021 kom Bjørn Inge imidlertid attende til Norled, og Austevoll i rute 21. Som overOverstyrmann. Han seilte siste seilingsperioden til Austevoll som Kaptein. M/F Tidefjord i sambandet Solavågen – Festøya er neste steg på vegen.



Terje Ytrebø – Maskinsjef

Terje Ytrebø er fødd i 1946, og vaks opp på Larsnes, men bur i dag på Hareid. Terje starta på sjøen i 1962. ombord i Ole Solbjørg Med P Ulla som skipper. Bordanes med H. Urkedal som skipper.

Håbrandfiskeri ved New Foundland ombord i E. Årset si ishavsskute Sæl

Terje har teke utdanning i 3 bolker med:

- Chiefutdanning 1981-82

Terje har også i periodar jobba på land, då fortrinnsvis som sjåfør i industrien. 30 år av sitt liv har han vore på fiskeri på ymse hav:

- Bømmelfjord eigd av Elias Åkre frå Haramsøya
- Leinebjørn på snurping, Kolmuletrål.
- Vesttrål frå Vanylven på skjellskraping
- Elborgtrål eigd av Roar Volstad, fra 87-90
- Concordia frå reiarlaget Sjøvik frå Midøya. skjellskraping.
- Beagle1 (gamle Sjøvik) på fiske i Argentina.
- Juvel. Ervik Marine Services.
- Labrador på New Zealand 1993-98
- Sapphire 2 1998-2000 (gamle Labrador) for Murmansk Trawlfleet 4.
- Pusan og dei 105 metringane, bygde i Vigo og Gijon, Skipsteknisk design
- Pacific Pride 2001-2003 New Zealand. Reiar Åge Remøy .
- Juvel (X Paerangi)) 2007 - 2010. Juvel vart forlengt i Bremerhaver fra desember 2007 til juni 2008. Den ble da forlengt med 28 meter og innsett fabrikk for behandling av krillen ombord.

Arbeidsområder utanfor fiskeri:

- Remøy Management på surveyfartøy for inspeksjon av undervannsinstallasjoner.
- Geco Kappa (gamle Longva II) og seismikk.
- Farstad shipping fra 2003 - 2007
- Tok til i Norled 2012, fyrst som vikar, fast tilsett i 2013
- 2016 slutta han i Norled 70 år gamal.
- Etter det har han vore tilsett som vikar, men 17. desember er det slutt etter eit langt og spanande arbeidsliv.



Lars Otterlei – Matros.

Lars er fødd på Fjørtofta i 1967, der han budde langt opp i vakse liv. I perioden 1993-2007 var han med på Brodd eventyret saman med blant andre broren Olav. Etter at fiskerilivet vart avslutta i 2007, arbeidde Lars 1,5 år ved Grytastanda Fiskeindustri, seinare 5 år ved Pharma Marine på Terøya før han i 2013 kom til Norled. Etter at Austevoll går til Bjørnøya, går Lars til Boreal, og vil ha arbeidsplassen sin på hurtigbåtane som alle går ut frå Ålesund

Bildearkiv.



Styreconsoll med 2 propellere og ein turtallsregulator



Navigatørane i fergefarta er profesjonelle utøvarar og manøvrerarar



Oversikt over maskinrommet.



Gode trufaste 2 takts Wichmann. 4syl. 2T EV DM 1300 BHK.



Scania hjelpemotor DS9



Hovedtavle



Terje Ytrebø på vakt



Justeringsapparat for dyser hoved- og
hjelpemotor



Messa. Snart middag



Kvilestaden i friøktene